



DET KONGELIGE
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Statssekretæren

Hardangervidda Grunneigarsamskipnad
Ordførarutvalet på Hardangervidda

Deres ref

Vår ref

Dato

13/4348

18. juni 2014

Forvaltning av Hardangervidda

Eg syner til møtet vi hadde 20. februar i år og dykkar brev frå 2. februar og 11. mai 2013 om forvaltninga av Hardangervidda. Eg viser og til brevet dykk sende til Klima- og miljødepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet 26. mars 2014 om tilhøvet mellom verna område og randsona utanfor.

For meg var møtet vi hadde ein nyttig gjennomgang av korleis dykk ser på tilhøva på Hardangervidda. Eg er, tilsvarande som tilsynsutvala, grunneigarsamskipnaden og ordførarutvala, samd i at forvaltninga av Hardangervidda må vere så god som mogeleg. Her er det mange interesser knytt til både vern og bruk som ein må ta omsyn til.

Eg ønskjer auka verdiskaping i vernområda, og det er gledeleg når det kjem gode, lokale initiativ til å nytte det potensialet som ligg i, og i tilknytning til verneområda. Ein må òg få til ein så effektiv utnytting av ressursane knytt til verneområda som mogeleg. Ulike tiltak og aktivitet må sjølvstakt skje innafør rammene av vernet og ikkje vere av ein slik karakter at ein øydelegg verneverdiane som utgjer ein del av grunnlaget for verdiskaping. Derfor meiner eg ein skal vere varsom mellom anna med oppføring av nye bygningar innafør verneområda våre.

Eg har no mellom anna sett på forvaltningsplanen som blei vedteke i 2011. Slik eg har forstått det, var det relativt god lokal semje om denne forvaltningsplanen da den vert vedteke, sjølv om det hadde vore mange diskusjonar i samband med utarbeidinga. Eg meiner forvaltningsplanen er eit godt grunnlag for ei god og balansert forvaltning av Hardangervidda også når det gjeld byggeverksemd og moglegheiten til utleige. På Hardangervidda er reglar for oppføring av nye, og utviding av eksisterande bygningar meir liberale enn i andre nasjonalparker fordi landbruket har ei særstilling i denne nasjonalparken. Når det gjeld behovet for justeringar i planen eller endringar forskriftene, meiner eg meiner at det ikkje er gått lang tid sida forvaltningsplanen vart vedteke og at den no bør få virke ei tid i praksis før

ein tek ei ny heilhetleg gjennomgang, samtidig som eg, saman med Miljødirektoratet vil følgje forvaltninga på Hardangervidda tett, og fortløpande vurdere om det er naudsynt å endre forskrifta. Eg er i denne samanheng open for innspel om forbetringar frå dere.

Når det gjeld val av forvaltningsmodell syner eg til at Riksrevisjonen har gjennomgått nasjonalparkforvaltninga. Riksrevisjonen meiner at den modellen for lokal forvaltning ein no har i nasjonalparkane i all hovudsak fungerer bra, sjølv om det er naudsynt med nærare klargjering på enkelte punkt. Modellen gir grunnlag for større lokal medverknad, betre samhandling lokalt og bidreg også til at erfaringsbasert lokal kunnskap i større grad blir lagt til grunn i forvaltninga. Dersom kommunane hadde vorte samde, meiner eg difor at dette ville vere ein god modell også for Hardangervidda.


Grunneigarane er blant dei som har best kjennskap til verneområda våre, og har difor ei viktig rolle i forvaltninga av verneområda. Dei er og viktig samarbeidspartnar for forvaltningsstyresmaktene. I den ordinære modellen for lokal forvaltning av nasjonalparkane og dei andre store verneområda er difor grunneigarane sin plass i dei rådgjevande utvala særskild viktig. Grunneigarane bør spele ei aktiv rolle mellom anna i utarbeiding av forvaltningsplanar, og dei bør delta aktivt i skjøtselen i verneområda.

Både på møtet 20. februar og i brev av 26. mars er det peika på tilhøvet mellom verneområde og randsona rundt. Eg vil understreke at verneforskriftene gjeld berre innafor verneområda. Utafor verneområda gjeld reglane i plan- og bygningslova og andre sektorar sine regelverk. § 49 i naturmangfaldlova seier at dersom verksemd utafør verneområda kan innverke på verneverdiane innafor verneområdet, skal ein leggje vekt på omsynet til verneverdiane når ein fattar avgjer om løyve og ved fastsetjing av vilkår. Om tiltak utafør verneområda får verknad på verneverdiane, må ein vurdere i kvart einstilte høve.

Forvaltninga av verneområda må alltid skje innafor dei økonomiske rammene som Stortinget vedtar i budsjetthandsaminga. Eg har full forståing for at det er ønske om meir midlar til forvaltninga på Hardangervidda, og tar derfor dette innspelet med meg i dei vidare vurderingane når budsjettmidlar skal fordelast.

Eg ynskjer dykk lykke til vidare med det viktige arbeidet dykk gjer for å forvalte Hardangervidda til det beste for verneverdiane og til det beste for alle dei som bruker og har sitt virke på vidda.

Med helsing



Lars Andreas Lunde

Kopi:

Kommunal- og regionaldepartementet

Landbruks- og matdepartementet

Miljødirektoratet

Fylkesmannen i Telemark

Fylkesmannen i Buskerud

Fylkesmannen i Hordaland

Kommunane Vinje, Tinn, Nore og Uvdal, Hol, Eidfjord, Odda og Ullensvang

Utmarskommunens sammenslutning